



Sak nr 46/2010

Møtedato: 24.11.10


Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

S536, Soleikro - inngjerding av fangstfelle/saltingsplass for sau ved Lomtjedn

Erik Eriksrud søker i brev datert 11.10.10 om å få laga til ei fangstfelle/saltingsplass for sau ved Lomtjednet. Fangstfella har ein storleik på 3x6 meter og skal førast opp i trematerialar.

I følge Eriksrud er det viktig å gjennomføre dette tiltaket for å lette arbeidet med sanking og for å halde sauene i området. Plassering er gjort med tanke på at det her er lett å koma fram med bil om hausten under sankinga.



Eriksrud skriv følgjande i søknaden:

Viser til telefonsamtale

Som dere kanskje er klar over hadde vi ikke beitedyr i fjella dette året pga mange vansker etc forrige år. Vi vurderer å prøve på nytt, men da ønsker vi å gjøre noen grep for om mulig i få en bedre sommer for folk og fe. Jeg vil med dette søke om i sette opp en fangefelle/saltplass for sau på det området som er avmerket i nærheten av Lomtjenet som vist på vedlagte kartutskrift. Dette vil forhåpentligvis lette vårt arbeid samtidig som det kan være med på i holde sauene i ønsket område. Plasseringen er gjort med tanke på at vi her kommer fram med bil for pålessing om høsten under sankinga. Fangefella er tenkt i størrelse ca. 3 x 6 m satt opp av trematerialer. Den fjernes selvsagt når vi ikke lenger har dyr i V.Slidre.

Eriksrud har gjeve utfyllande opplysningar i seinare e-postar.

Stølsnaboane har fått oversendt søknaden og er bedt om uttale til søknaden. Nils Arne Solberg og Erland Nefstad går sterk mot søknaden. Dette er grunngjeve nærare i eige brev og går i hovudsak ut på ulemper med slitasje på veg, gjødselproblem, parkering og ferdsel.

Vedtak:

Fjellstyret finn ikkje å godkjenne etablering av fangstfelle/saltingsplass på den omsøkte plassen ved Lomtjedn grunna dei ulemper dette har for stølsnaboane. Eventuell fangstfelle/saltingsplass bør plasserast i god avstand frå andre stølar og hytter.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.11.10.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Erik Eriksrud
Nils Arne Solberg
Erland Nefstad